



Sykkylven kyrkjelege fellesråd  
Postboks 161  
6239 Sykkylven

**F-sak 06/14      Protokoll frå fellesrådsmøte 4. febr. 2014.**

Desse møtte:                      Torbjørn Støylen, Karl Johan Gjøvenes, Helge Standal, Svein Erik Kampenes og Arild Sporsheim.

Forfall:                              Aleksander Ekornes, Olav Harald Ulstein og Odd Arne Eidem (vara)

**F-sak 01/14    Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

**F-sak 22/13    Protokoll frå Fellesrådsmøte 10. des. 2013**

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

**F-sak 2/14      Fastsetting av rekneskapet for 2013**

Kyrkjeverjen orienterte om saka.

Rekneskapet blir no sendt til revisor for gjennomgang/revisjon og revisjonsmeldinga blir framlagt på neste møte.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd tek det til vitande.

Resultatet er kr. 6 934 i ubrukte midlar inklusive dekking av tidlegare års uinndekka meirforbruke på kr. 51 233,-. Dei ubrukte midlane blir avsett til disposisjonsfond. Hovedårsaka til det svakt positive resultatet er dei reduserte lønnsutgiftane som følgje av redusert bemanning i 2013.

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

**F-sak 3/14      Revidert budsjett 2014**


Kyrkjeverjen orienterte om saka.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok budsjettet som framlagt, med til saman kr. 87 000,- i meirforbruk dersom Sykkylven kommunestyre vedtar rådmannens forslag om eit kutt i tilskotet på 3,97% (kr. 150 000,-).

SKF viser til stram budsjett disiplin og at budsjettgjennomgang blir fast sak på alle møter i 2014.

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*



Sykkylven kyrkjelege fellestråd  
Postboks 161  
6239 Sykkylven

#### **F-sak 4/14 Økonomiplan 2014 - 2016**

Kyrkjeverjen orienterte om saka.

##### Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellestråd vedtok økonomiplanen med tilføyning av Utbetring av automatikken for kyrkjeklokkene i Sykkylven kyrkje og Maling av driftsbygninga på kyrkjegarden.

Fellestrådet gir kyrkjeverjen fullmakt til prioriteringa av dei ulike tiltaka.

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

#### **F-sak 5/14 Podie framme i kyrkjerommet, Sykkylven kyrkje**

##### Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellestråd er samd med Sykkylven sokneråd om å søke Møre bispedømmeråd v/biskop om løyve til å iverksette dette forsøksprosjektet. SKF ser fordelar med tanke på dagens slitasje med stadige opp- og nedriggingar av scene-modular og anna utstyr, samt slitasjane ved demontering av alterringen og flytting av kyrkjebenkar. Med eit slik podie vil slitasjen på golv, dørstokkar og inventar bli merkbart redusert.

*Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.*

##### **Orienteringar:**

- Oversikt over utført opprusting/vedlikehald fram til 2013
- Fondsoppstilling

**Neste møte: Mai**

##### **Ref.:**

Arild Sporsheim

Kyrkjeverje / Dagleg leiar